



TILTAKSSTRATEGI FOR BRUK AV SMIL-MIDLAR 2023-2026, Tokke kommune

RETNINGSLINER OG PRIORITERINGAR

Bilete: Nigard Ofte, Høydalsmo

Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark syner til føringar frå Landbruksdirektoratet om at kommunane skal lage lokal tiltaksstrategi for SMIL for perioden 2023-2026, med skildring av miljøutfordringar og prioritering av type miljøtiltak. Kommunen skal prioritere tiltak med god miljøeffekt i sin kommune ut frå lokale behov og utfordringar.

Regelverk

[Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Lovdata](#)

Rundskriv 2021/18: [Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket – kommentarer til regelverk - Landbruksdirektoratet](#)

Mål og målgruppe for ordninga

Formålet med tilskotsordninga er å ivareta natur- og kulturminneverdiar i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureining frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift.

Vidare skal formålet vere å få ei best mogleg målretting av innsatsen og tiltaka på bakgrunn av miljømessige behov og utfordringar. På bakgrunn av dette skal kommunen fastsette retningslinjer for prioritering av søknadar.

Tilskot kan gjevast til føretak som oppfyller vilkår for produksjonstilskot og avløyartilskot i jordbruket. Tilskot kan også gjevast eigar av landbrukseigedom dersom landbrukseigedommen leiger bort areal til ein produksjon som oppfyller vilkåra for produksjonstilskot og avløyartilskot i jordbruket.

Kommunale prioriteringar

Tokke kommune skal i 2023-2026 både prioritere tilskot til kulturlandskapstiltak og tiltak mot forureining frå jordbruket.

Tiltak mot forureining

Det kan gjevast tilskot til tiltak som bidreg til å redusere forureining eller risiko for forureining frå jordbruket. Viktige omsyn i denne samanheng er avrenning, klimatilpassing, ressursbevaring og matproduksjon. Tokke kommune skal prioritere tilskot til forureiningstiltak som kan hindre avrenning til vatn og utslepp til luft. Prioriterte tiltak er:

1. dekke over eksisterande gjødsellager

Kulturlandskapstiltak

Det kan gjevast tilskot til kulturlandskapstiltak som gjennom istandsetting, skjøtsel og vedlikehald tek i vare natur- og kulturminneverdiar i jordbrukets kulturlandskap. Tokke kommune skal prioritere tiltak som held kulturlandskapet ope, sikrar biologisk mangfald og tek vare på dei verdifulle beiteressursane. Tokke har også eit stort tal verneverdige bygningar som er ein viktig del av kulturlandskapet og som vert sett på som ein viktig miljøverdi å taka vare på. Prioriterte tiltak er:



2. rydding og opning av gamle kulturbeiter

3. restaurering av verna og verneverdige bygningar

- busette eigedomar og gardsbruk i drift vert prioritert
- langt komne attgrodde beite vert ikkje prioritert
- det kan gjevast tilskot til utgifter knytt til innleige av dyr og Nofenceklavar ved rydding av gamle kulturbeiter. Innkjøp av klavar og/eller dyr i samband med slike ryddeprosjekt vert ikkje dekt.
- bygningar som har ein sentral funksjon i eit samla tunbilete vil bli prioritert framfor det motsette, og bygningar som vil vera ein del av drifta på garden vert prioritert framfor bygningar som ikkje er det.
- det vert berre gjeve støtte til utvendig restaurering, dvs. at tiltak som går på standard inne vert ikkje støtta. Bygningar som er tatt ned vert ikkje prioritert ved oppattbygging.

Prioriterte område

Tokke har i fleire år prioritert SMIL-tiltak i dei områda som er rekna som lokalt verdifulle kulturlandskap. Desse har fått noko høgare tilskotssats. Områda dette gjeld er Lårdal, Eidsborg, Åsgrend og Froland. Desse områda er vald ut på bakgrunn av ein rapport og registreringar tilbake i 1993, og ligg også som grunnlag for ein del kulturlandskapstiltak i RMP.

Det er trong for å gjere nye kartleggingar om viktig kulturlandskap i Tokke. Vi vil derfor prioritere kulturlandskapstiltak som gjeld rydding og opning av gamle kulturbeiter innanfor desse prioriterte kulturlandskapa inntil ny kartlegging er på plass.

Andre tiltak

Andre tiltak innanfor gjeldande SMIL-forskrift, t.d. erosjonssikring i/langs vassdrag, friluftsliv og rekreasjon i jordbrukets kulturlandskap, samt skjøtsel av truga naturtyper kan gjevast tilskot dersom ramma tillét det.

Vilkår for tilskot

For tiltak som gjeld rydding av gamle kulturbeiter er det sett krav om at:

- alle grantre og lauvoppslag /kratt skal ryddast bort og arbeidet skal gjerast på ein skånsam måte
- arealet skal gjerdast inne for å sikre godt beitetrykk
- arealet skal haldast i hevd ved beiting i minst 10 år etter at prosjektet er avslutta

For tiltak som gjeld istandsetting av verna/verneverdige bygningar vert det sett krav om at:

- restaureringsarbeidet skal utførast av handverkarar med kompetanse på bygningsvern og restaurering av gamle bygningar
- arbeid og restaurering skal gjennomførast etter "antikvariske prinsipp", det vil seie at det skal reparerast framfor å bytast ut, det skal brukast tradisjonelle og stadeigne teknikkar og materialar så langt det er mogleg.

Elles gjeld vilkåra som kjem fram av § 3.



Tilskotsstorleik

For kulturlandskaps- og forureiningstiltak kan ein gje eingongstilskot på maksimalt 50 % av godkjent kostnadsoverslag. Vi har siste åra lege på 25 – 40 %, med eit snitt på 30 %. Verneverdige våningshus vil kunne få ein lågare prosent og berre til utvendige oppgraderingar.

Ein kan normalt ikkje gje tilskot til maskinar eller anna laust teknisk utstyr.

På grunn av avgrensa ramme og mange søknadar bør tilskot til verneverdige bygningar i mest mogeleg grad gjevast i samfinansiering med Kulturminnefondet og/eller Fylkeskommunen.

Krav til søknad og utbetaling

Søknadsfrist 1. juni

Søknad skal leverast elektronisk via Altinn med naudsynte vedlegg som plan og skildring av tiltak, kart, kostnadsoverslag og eventuelt tilstandsrapport.

Det må ligge til grunn ei fagleg vurdering av kriteriet verneverdig, og søkjar skal legge ved ein tilstandsrapport og kostnadsoverslag utarbeidd av nokon med kompetanse på bygningsvern.

Det kan vere naudsynt å innhente råd/kostnadsoverslag frå NLR eller andre når det gjeld forureiningstiltak.

Vi nyttar standardsatsar for kostnad for rydding og inngjerding av kulturbeiter/slåttemark på mellom 3000-4000 pr. da, avhengig av omfang av rydding, terreng og framkomelegheit.

Ved utbetaling skal det visast til rekneskapsamandrag med fakturaer og timelister. Timesats for eige arbeid settast til maks 350 kr, maskin og utstyr i samsvar til leigeprisar (Norsk Landbruk). Ved sluttutbetaling skal det leggest ved ein rapport som skildrar både prosjektet undervegs, samt sluttresultatet.

